



Arkivsaknr: 2025/4431-1
Sakshandsamar: Stine Pedersen Sylta
Avdeling: Dokumentsenter

SAKSFRAMLEGG

Klagesak på avslag om driftstilskot til andre kulturorganisasjonar – U.L. Samhald

Utvalssak Utval

Møtedato

Utval for næring, kultur og idrett

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for næring, kultur og idrett tek klage frå UL Samhald til følgje. Det vert løyvd kr 5.000 i tilskot til UL Samhald,

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næring, kultur og idrett

Saka gjeld

Ungdomslaget Samhald søkte driftstilskot innan frist 01. desember 2024. I søknaden går det fram at søknad gjeld ei undergruppe i laget, teatergruppe for barn i UL Samhald. Det kjem ikkje fram nokon opplysningar om teatergruppa i søknad eller vedlegg. Årsak til dette er at søknadsskjema ikkje etterspør aktivitet i 2024 og 2025.

Saksopplysningar

Bakgrunn

I klage datert 04.03.2025 kjem det fram opplysningar om laget og teatergruppa for barn. Der vert teatergruppe skissert med tal på medlemmer, aktivitetar samt framsyningar som har vore og som er planlagt.

I vurderingskriterium for kulturtilskot (vedtatt av Alver kommunestyre 31.10.2024) står følgjande i pkt om vurderingskriterium - 1.4.5., står følgjande *Tilskot vert berre gitt til hovudlag/sentralt styre, dersom søkjarorganisasjonen har undergrupper. Det er ikkje søkt om tilskot til andre enn teatergruppa i UL Samhald, så v*

Sjølv om ein i hht kriteria skal vurdere søknad ut frå hovudlaget, går det fram av søknad at det er undergruppe for teater for barn det vert søkt om.

Vidare heiter det i nemde vurderingskriteria;

Pkt 1.4.6. Ufullstendige søknader, søknader som kjem inn etter søknadsfristen, og søknader som fell utanfor retningslinene for ordninga, vil utløyse avslag på søknaden.

Søknad frå UL Samhald hadde svært mangelfulle opplysningar om laget generelt, og teatergruppe for barn spesielt.

Vurdering

Opplysningar som kjem fram av klagesak, gjev rom for ny vurdering av søknad.

For å søkje tilskotsmidlar, er det obligatorisk å leggje ved sist godkjent årsmelding, rekneskap og budsjett. Sist godkjende dokument pr søknadsfrist 01.12.2024, var frå 2023. Teatergruppe for barn ble etablert i 2024.

Av klagen går det fram at teatergruppa har vore i aktivitet frå 2024 og har 16 barn samt 3 vaksne som jobbar dognad. Gruppa har satt opp to framsyningar om «Klatremus og de andre dyra i Hakkebakkeskogen» samt to framsyninga av «Fjøsniesser». I 2025 er det planlagd to nye framsyningar av «Folk og røvere i Kardemommeby».

Vurdering av særskilte grupper

Barnekultur, her under scenekunst, litteratur, film mm er eit satsingsområdet for Alver kommune, jmf Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035. Tiltaket i regi av UL Samhald står i samsvar med kommunedelplanen når det gjeld barnekultur.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår at klage frå UL Samhald vert teken til følge då søknadsskjemaet ikkje etterspurde aktivitet i 2024/2025.

Vedlegg

- 1 Klage på Vedtak om driftstilskot.pdf
- 2 Vedtak om driftstilskot til andre kulturorganisasjonar - søknadsfrist 01.12.2024
- 3 Retningsline tilskot